



Grethe Brundtland leia møtet i Gamleskulen

Vi har det godt, men det er framleis ikkje likestilling og likeverd på alle områder. Vi må difor halda fram og kjempa for å nå dette målet.

Dette var konklusjonen til møteleiar Grethe Brundtland då 3 helselag og Bygdekvinnelaget i Omvikdalen heldt møte på Gamleskulen i kveld i samband med stemmerettsjubileet. Det er den 11. juni 100 år sidan kvinnene i landet fekk stemmerett og då vert det ei ny markering - festmøte i Rosendal



Tre helselag og eit bygdekvinnelag var vertskap for møtet

Deltid og pensjon var 2 stadig aktuelle tema som møtelyden var innom i diskusjonen etter innleiingsføredraget til Brundtland. Ho peika sjøl mellom anna på at 9 av 10 minstepensjonistar er kvinner og at kvinneandelen aukar. Nesten 40 prosent av kvinnene jobbar deltid. Brundtland var også innom offentlege organ i Hordaland og konstaterte at det no er 40 prosent av ordførarane som er kvinner og at kvinneandelen på fylkestinget er 47 prosent. Men det var fyrst for 10 år sidan Torill Selsvold Nyborg vart den første kvinnelege fylkesordførar.

Brundtland sendte ein varm takk til dei som kjempa gjennom stemmeretten og ga hovedæra til Fredrikke Marte Quam (1843/1938) og Gina Krog (1847/1916). Camilla Collett (1813/1895) og Fernanda Nissen (1862/1920) vert også rekna som jordmødre under kampen.

Fredrikke vert spesielt nevnt i samband med aksjonen under unionsoppløysinga då 300 000 kvinnestemmer vart samla inn.

Gina var sentral i kampen mellom anna fordi ho sat som redaktør i bladet Nylænde. Ho vart den fyrste kvinne som vart heidra med gravferd på staten si rekning og vert kalla 'stemmerettens mor'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen